LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 28.05.2019 |
| Vår: 18/13 - 19/16751 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Oversending av sak om avvist klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal til endeleg handsaming - gbnr 188/757/37

Saka gjeld klage på avvist klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal – gbnr 188/757/37 og vart rettidig mottatt av kommunen den 23.05.2019.

Kommunen avviste klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal – gbnr 188/757/37 i skriv datert 13.05.2019 med følgjande vedtak:

**Vedtak**
Klage av 20.02.2019 vert avvist med heimel i fvl. § 33, då klagen er sett etter at klagefristen i fvl. § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for overskriden klagefrist etter fvl § 31.

Det vart gjeve vedtak om seksjonering for tiltaket den 05.06.2018. Seksjoneringa vart tinglyst av Statens Kartverk den 08.06.2018. Noverande klage gjeld kun vedtaket om 1 næringsseksjon – parkering med seksjonsnummer 37. Ny lov om eierseksjoner trådde i kraft 01.01.2018.

**Vurdering:**
Kommunen vil vise til sin argumentasjon i skriv datert 13.05.2019.

Kommunen kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 13.05.2019.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Klage med vedlegg, ny førespurnad om møte den 24.05.19, avvist klage og klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal samt vedtaket om seksjonering er lagt ved oversendinga samt vedtak om seksjonering. Resten av dokumenta er tilgjengeleg på Lindås kommune sine nettsider.

Vi viser også til tolkningsuttale frå departementet om «§7 - Organisering av parkeringsplasser som næringsseksjoner når reguleringsføremålet for einedommen er bolig, datert 15.02.2018 og «§7- Kan kommunen stille krav til hvordan parkeringsplasser organiseres?», datert 06.04.2018.

Når det gjeld ny førespurnad om møte med kommunen i saka, så er det etter kommunen si vurdering gjeve naudsynt avklaring og rettleiing i saka og i telefonsamtale med klagar den 28.05.19 i høve dei spørsmåla klagar tar opp i sin førespurnad om møte med kommunen, jf. forvaltningsloven §11. Eit møte på noverande tidspunkt vert på denne bakgrunn ikkje tinga frå kommunen si side.

Til orientering, så er klage på avvist klage på vedtak om ferdigattest for parkeringsareal handsama i sak 16/163 – gbnr 188/757. Denne klagen er oversendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Bed om møte med saksansvarlege - Vedkomande klage på ferdigattest m.v. gbnr 188/757 -
Klage på avvist klage om feilaktig seksjonering av felles parkeringsplassar for sameiget Knarvikparken - gbnr 188/757 Gjervik ytre
Klagedokument gjeldande avvist klage seksjonering 188-757
5 Klage til Fylkesmannen Vest - sendt om kommunen 20-02-19
1 Merknad til søknad om ferdigattest dat 09-01-2019
3 Melding om brot på parkeringsvilkåra i rammeløyve for Knarvikparken - Kvassnesvegen 57 - dat 30-01-2019
4 Svar frå LK på melding om brot på parkeringskrav i rammeløyve gbnr 188-757-dat 14-02-2019
7 Ønskje om møte om vår klagesak som er til handsaming i kommunen
6 Vedlegg til klage til Fylkesmannen Vest - sendt om kommunen 20-02-19
10 Brev frå LK til Stoltz bolig AS om biloppstillingsplassar-gbnr 188-757 Gjervik ytre
9 Søknad frå Stoltz til Lindås kommune om reduserttal parkeringsplassar for bustadblokka Knarvikparken (1)
2 Svar frå LK vedkomande ferdigattest og parkeringskrav gbnr 188-757 dat 11.01.2019
12 Oppmoding om tilbaketrekking av ferdigattest for Knarvikparken gbnr 188-757 09-04-2019
11 Rammeløyve oppføring av bustadbygg med 36 husvære med parkeringskjellar 188-757 Knarvik
Avvist klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal - gbnr 188/757/37 Gjervik Ytre
Klage på kommunale vedtak gjeldande godkjenning av ferdigattest til rammeløyve og seksjoneringsvedtak for bustadblokka " Knarvikparken - Kvassnesvegen 57" - gbnr 188/757 Gjervik ytre
Klage på manglande oppfølging av parkeringsvilkår sett i rammeløyvet for bustadblokka Knarvikparken - Kvassnesvegen 57 -Lindås kommune
Vedtak om seksjonering gbnr 188/757 - Knarvikparken - Kvassnesvegen 57 - Knarvik

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Advokatfirmaet Vikse AS | Postboks 95 | 3101 | TØNSBERG |
| Advokatfirmaet Vikse AS | Postboks 95 | 3101 | TØNSBERG |
| Nils Gullak Kvalvågnes | Kvalvågnesvegen 681 | 5956 | HUNDVIN |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nils Gullak Kvalvågnes | Kvalvågnesvegen 681 | 5956 | HUNDVIN |
| Sameiet Knarvikparken | c/o Arnfinn Brevik Kvassnesvegen 57 | 5914 | ISDALSTØ |
| Sameiet Knarvikparken | c/o Arnfinn Brevik Kvassnesvegen 57 | 5914 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |